

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Kommunestyret	052/2018	13.12.2018

Budsjett 2019 og økonomiplan 2019 til 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret 13.12.2018:

Handsaming:

Handsaming KOM 13.12.2018

Spørsmål frå medlemer i kommunestyret inkludert spørsmål frå Svein Lang, Sp, - med merknad til avgiftsbudsjettet - og svar frå rådmannen var distribuert ut til kommunestyret før møtet.

Formannskapet si budsjetthandsaming og tilråding har lege ute til offentleg ettersyn. Det har elles ikkje kome merknader eller uttaler.

Sak 39/2018 Jettegryto barnehage vart flytta til etter budsjettsaka. Tilstandsrapport barnehage var sendt ut før møtet.

På vegne av Ap, Frp og V, fremja varaordførar Magne Djuvik, Frp, følgjande framlegg:

Driftsbudsjett 2019

Som rådmannen med følgjande endringar.

Barn som veks opp i familiar med låg inntekt. Rådmannen vert beden om i samarbeid med rådmannen i Os Kommune om å produsera ei sak med konkrete tiltak for å avhjelpa denne gruppa. Saka må og innehalda ei økonomisk ramme. Likelydande sak vert lagt fram for begge kommunestyra snarast råd. Kjend Innverknad på budsjett 2019: kr 0.

Fellesrådet kyrkjeleg sektor. For å unngå redusert aktivitet vert kyrkjeleg fellesråd si ramme auka med kr 180.000,- i 2019. Kjend verknad på budsjett 2019: Ramma til ansvarsområde 1 vert auka med kr 180.000. Finansiering driftsfond.

Tiltak mot marin forsøpling. Det vert sett av 1% av havbruksfondet, kr 200.000 til tiltak mot marin forsøpling. Tilføres ansvar 7. Rådmannen får i oppdrag til å laga regelverk knytt til bruken av desse pengane. *Kjend verknad på 2019 budsjett kr 0. Finansieres frå Havbruksfondet.*

Festivalstøtte. Det vert sett av kr 200.000 til å støtte ulike arrangement i Fusa i 2019. Tilføres ansvar 1. Rådmannen får fullmakt til å fordela midlane. Inndekning driftsfondet. *Kjend verknad på 2019 budsjettet kr 0.*

Ungdomsrådet. *Fusa Kommune ønskjer å støtta opp om det arbeidet Ungdomsrådet i Kommunen gjer. Det vert sett av eit beløp kr 200000 som Ungdomsrådet disponerer til tiltak for ungdom. Kjend verknad på 2019 budsjettet kr 0. Inndekning Driftsfondet.*

Nye tiltak. 2019 er siste året før Fusa vert ein del av Bjørnafjorden, Kommune. Det er derfor ikkje rett å laga nye permanente tiltak på driftsbudsjettet for 2019. Likevel er det fleire gode tiltak Ap, Frp og V ønskjer å prøva ut. Desse vert derfor organisert som prosjekt og finansiert over driftsfondet.

Tiltaka er:

Gratis skulefrukost, Fusa ungdomsskule, kr 334.000

Transport av middagar til heimebuande i Os Kommune, kr 125.000,-

Trygg start, oppf av helsesøster sårbare gravide mødre. Kr 315.000,-

Rådmannen vert også beden om å utgreia ei sak på skulefrukost på alle kommunale skular i kommunen, tilsvarande som i Os kommune med abonnementsordning

Avgiftsbudsjettet:

Avgift / gebyr i plansaker er som i dag + 3%. Dei andre avgiftene / gebyra er som rådmannens framlegg

Felles investeringprogram Ap, Frp og V (utgangspunkt: Rådmannen 2):

Nr.	Prosjekt	2019	2020	2021	2022
20	Hovudplan avlaup	3 000	2 000	2 000	2 000
30	Hovudplan vatn	9 000	2 000	2 000	1 000
33	Søre Fusa – snuplass/reg.plan	1 500	0	0	0
50	PLO og HFV – diverse utstyr	400	400	400	400
70	Trafikksikring vegar	800	500	500	500
80	Opprusting vegar jf. Hovudplan	6 000	3 000	3 000	3 000
100	E-kommune – digitale tenester	3 500	0	0	0
102	Telefonsentral/telefonisystem Fusa kommune		0	0	0

		500			
110	Læremiddel og IKT skule/barnehage	600	600	600	600
120	Digitalisering av kart	300	1 000	300	300
130	Leikeplassar/uteområde skule/barnehage	2 000	1 500	0	0
180	Oppgradering kommunale bygg. Vedlikehaldsplan og akutt-tiltak.	3 000	3 000	3 000	3 000
200	Tiltak/oppgr. bygg/anlegg kyrkjesektor – overføring til Fusa sokn	2 000	450	450	450
203	Kommunedelplan akvakultur	500	0	0	0
220	Områdeplan Eikelandsosen	1 000	0	0	0
240	Fleirbrukshall/idrettshall	11 000	0	0	0
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandsosen	200	0	0	0
261	Brannstasjon	6 000	20 000	0	0
999	Eigenkapitalinnskott KLP – overført frå driftsbudsjett	900	900	900	900
1701	Velferdsteknologi	3 100	0	0	0
1703	Oppretting av matrikkel, digitalisering av planar	500	0	0	0
1707	Utviding Stallabrotvegen (frå Fv 48 til Idrettshallen)	3 000	0	0	0
1708	Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim	1 500	0	0	0
1709	Forskottering av veg Tveitamarka ind.område mot Samnøy	300	0	0	0
1710	Gangveg til gravplass på Åkre og p-plass til kyrkja	-	2 000	0	0
			0	0	0
1713	Fusa ungdomsskule (tidlegare 128B): 29 mill + 34,125 mill	63 125	0	0	0
1801	Forprosjekt barnehagebygg	450	0	0	0
1802	Tiltak i Eikelandsosen (ref. tidl. 230)	3 000	0	0	0
1803	Inventar og utstyr i skular og barnehagar	600	600	200	200
1804	Samnøy næringsområde	6 000	8 000	0	0
1806	Områdsdeplan Strandvik	800		0	0
1807	Ombygging av sørfløyen FBBS	1 000	0	0	0
1808	Forprosjekt pleie og omsorg	500	0	0	0

1810	Flaumsikring Vikelva – flytta til prosj. 1907	-	0	0	0
1908	Forprosjekt områdeplan Fusabygda	200	0	0	0
1812	Trafikksikring Rød	6 000	0	0	0
1813	Plan for gang- og sykkelsti frå krysset Fv-Dallandsvg. til Djupvik	200	0	0	0
1901	Innbu og utstyr, nytt helsesenter og kontorfløy helse- og sos.tenesta	600	0	0	0
1902	Opprusting Tørsneset bufelleskap – garderobe, gjerde m.v.	500	0	0	0
1903	Opprusting og påbygg, Jettegryto barnehage	10 000	13000	0	0
1904	Moloar og fiskerihammer	1 600	0	0	0
1905	Kjøp av samfunnshus	1 300	0	0	0
1906	Forprosjekt – veg til Revne	200	0	0	0
1907	Flaum- og rassikring	6 700	0	0	0
	Samla investering eks. startlån	163 375	58 950	13 350	12 350
	Finansiering				
	Refusjon av mva.	-23 316	-4 800	-2 010	-1 860
	Frå Havbruksfondet prosjekt 1806	-200			
	Frank Mohn P 240	-10 000			
	Fusa Kraftlag P 240	-10 000			
	Husbank P 271 P1807	-15 266			
	Spelemidler P 240	-6 000	-1 700	-2 500	
	HFK (2+6 mill.) P 240	-8 000			
	Henting av ubrukne lånemidler (estimat)	-9 000			
	Overført frå driftsbudsj. til eigenkapitalinnskot KLP	-900	-900	-900	-900
	Sum finansiert	-82 682	-7 400	-5 410	-2 760
	Lånebehov	-80 693	-51 550	-7 940	-9 590
	Rådmannen får fullmakt til å rekna ut mva refusjon og lånebehov ut frå dei endringane som er gjort politisk.				

H, SP, KrF og den uavhengige sine framlegg til vedtak fremja av Svein Lang, Sp, Margunn Y. Samnøy, Sp, og Lars-Erik Dalland, H,:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/AVGIFTSBUDSJETT 2019 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2019 – 2022.

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å foreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er

av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å foreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving lønn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTELEGGINGA

a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2018/2019) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b)

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2019 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.

Det vert skrive ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av produksjonsutstyr og - installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringsseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vera redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vera 7 promille.

2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 o/oo.

3. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.

4. Eiendomsskatten skal betalast i to terminar, jf. eigdomsskattelova § 25.

5. Alminnelig taksering vert utsett. Gjeldande takster vert nytta for skatteår 2019, eigdomsskattelova § 8 A-3 (2).

6. Fritak som skal gjevast i 2019 medhald av eigdomsskattelova § 7:

b. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage, Vinnes Friskule,

c. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

d. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjort av administrasjonen. Eigdommar som tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2019. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.

7. Strandvik og Hålandsdalen Montesorriskular skal få fritak for eigdomsskatt for 2019 under føresetnad av at vilkåra for å gje fritak i medhald av eigdomsskattelova § 7 a er oppfylt.

8. Frå 01.01.2020 fell Eigdomsskatt bort

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2019

a. NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - 2019

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen.

Løyvinga var i 2018 kr 764.000,- netto. 2018 – ramma vert vidareført med prisjustering. Netto-ramme for 2019, med fråtrekk av mva-refusjon på kr 183.000, er kr 794.000,-. Løyving til området for 2019 - inkl. mva - er kr 977.000,-

Det er teke utgangspunkt i 3,6% avdrag av netto lånegjeld og gjennomsnittleg rente på 2,04%

I høve til notatet frå rådmann er det gjort følgjande endring:

BUDSJETT 2019 og ØKONOMIPLAN 2019-2022

Eigedomsskatt fell bort 01.01.2020 og blir satt til kr 0 i 2020,2021 og 2022.

Renteutgifter blir justert ned i henhold til reduserte investeringar, jmf. investeringsprogram.

Avdrag på lån justert ned i henhold til redusert låneopptak.

Rådmann får fullmakt til å kvalitetssikre renter, avdrag og mva-kompensasjon som konsekvens av endringar i investeringsbudsjettet.

Til fordeling drift, vert auka opp med kr. 609 000 i 2019, kr 484 000 i 2020, kr 484 000 i 2021 og

kr 484 000 i 2022.

Rådmann får fullmakt til å justera uttak av fond dersom behov, slik at meir-/mindreforbruk for 2019 i kommunestyret sitt budsjettvedtak går i null.

Endring i driftsrammene i 2019:

Område 1 Samfunnsutvikling, økonomi og service

Ansvar: Kultur – Det vert oppretta eit Festivalfond som årleg vert tilført kr 150 000, til å støtte ulike arrangement i Fusa kommune. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

Område 3 Undervisning

Ansvar: Fusa Ungdomsskule – Gratis skulefrukost vert innført. Eininga vert tilført kr 334 000 kvar år i perioden 2019-2022 til gjennomføring av Prosjektet. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

Område 5 Pleie og omsorg

Ansvar: Fusa bu og behandlingssenter – Transport av middagar. Eininga vert tilført kr 125 000 i 2019 til å auke opp ein 20 % stilling til utkjøring av middagar. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

VIII. Tilskot til Fusa Sokneråd

Driftstilskotet vert auka med kr 230 000, der 180 000 er ordinær lønnsvekst og dermed ei årleg løyving. Kr 50 000 er eit eingongsbeløp øyremerka prosjektet "Brannskadde i Etiopia" til behandlingsrom.

a. KOMMUNALE BETALINGSSATSAR, AVGIFTER OG GEBYR 2019

Avgift / gebyr i plansaker er som i dag + 3 %. Dei andre avgiftene / gebyra er som rådmannens framlegg

Frå og med 01.01.2020 skal det ikkje utskrivast eigedomsskatt i Fusa kommune.

V. FRAMLEGG TIL INVESTERINGSPROGRAM 2019 – 2022

(Alle tal i heile 1000 kroner. Tala i økonomiplanperioden er "2019-kroner" .)

Har tatt utgangspunkt i Rådmann sitt arbeidsnotat med fylgjande endringer:

Prosjekt 20: Hovedplan avlaup blir tilført kr 1 000 i 2019 og kr 4 000 i 2020

Prosjekt 30: Hovudplan vatn blir tilført til kr 4 000 i 2019 og kr 4 000 i 2020

Prosjekt 70: Trafikksikring vegar blir tilført kr 2000 i 2020. * Gangveg frå rundkjøring til butikk på Holmefjord sentrum må innarbeidast og prioriterast.

Prosjekt 200: Tiltak/oppgr bygg anlegg kyrkjesektor overføring Fusa sokn blir tilført kr 2450 i 2019, kr 2 000 i 2020, kr 600 i 2021 og kr 450 i 2022

Prosjekt 261: Brannstasjon blir tilført kr 5 000 i 2019 og kr 10 000 i 2020.

Prosjekt 1709: Rassikring og utbetring av Fv 125 Tveitamarka ind til Samnøy blir auka til kr 6 000 i 2019. Alternativ 1, utarbeida av Statens vegvesen, blir valgt. Fusa kommune søker snarast Hordaland fylkeskommune om forskottering. Prosjektet skal lysast ut og i gang setjast snarast muleg.

Prosjekt 1710: Gangveg til gravplass Åkre og parkering kyrkja blir tilført kr 1 000 i 2019 og kr 1 000 i 2020.

Prosjekt 1711: Forprosjekt tunell Sævareid blir tilført kr 200

Prosjekt 1801: Forprosjekt barnehagebygg er ferdigstilt.

Prosjekt 1802: Tiltak i Eikelandsosen (ref. tidl 230) blir tilført kr 1 000 i 2019 og kr 2 000 i 2020.

Prosjekt 1810: Flaumsikring Vikeelva blir tilført kr 3 000 i 2019

Prosjekt 1811: Flaumsikring Haugeelva blir tilført kr 3 200 i 2019

Prosjekt 1812: Trafikksikring Rød blir tilført kr 2 000 i 2019 og kr 4 000 i 2020.

Prosjekt 1903: Opprusting og påbygg Jettegryto barnehage blir tilført kr 7 500 i 2019 og ved behov kr 15 500 i 2020.

Prosjekt 1904: Moloer og fiskerihavner tilført kr 1 550.

Prosjekt 1905: Kjøp av samfunnshus utgår

Prosjekt 1906: Forprosjekt – veg til Revne blir tilført kr 1 000. Prosjektet må utviklast i samarbeid med skogplantingsfondet.

Prosjekt 1907: Rassikring Skåte kr 500

Prosjekt 1908: Toalettanlegg og nytt tak naust husmannsplass Vinnes vert tilført kr 500.

Prosjekt 1909: Sentrumsanlegg/parkanlegg Strandvik vert tilført kr 3 000.

Prosjekt 1910: Oppgradering barnehagar jmf rapport barnehagar vert tilført kr 450 i 2019 og kr 6150 i 2020

Prosjekt 1911: Bygdesenter Holmefjord, områdeutvikling. Det vert sett av kr 500 til å starta

arbeidet med å laga ein plan for utviklinga av området frå avkjørsle Rv48 til industriområde i Tveitamarka.

Prosjekt 1912: Fusa ungdomsskule riving klasseromsfløy + adm. Prosjektet vert tilført kr 4 000 i 2020. Kr 2 000 til riving og kr 2 000 til uteområde.

*

Prosjekt 70: Også 2000 i 2021 sjå i tabellen.

		2019	2020	2021	2022	
20	hovedplan avlaup	1 000	4 000	2 000	2 000	
30	hovedplan vatn	4 000	4 000	2 000	1 000	
33	Søre Fusa snuplass	1 500	0	0	0	
50	PLO og HFV diverse utstyr	400	400	400	400	
70	trafikksikring vegar	800	2 000	2 000	500	Prioritetsliste til formannskap
80	opprusting vegar	6 000	3 000	3 000	3 000	
100	E-kommune digitale tenester	3 500	0	0	0	
102	Telefonsentral	500	0	0	0	
110	Læremiddel og IKT skolebarnehage	600	600	600	600	
120	Digitalisering av kart	300	1 000	300	300	
130	Leikeplassas/uteområde/skule og barnehage	2 000	1 500	0	0	
180	Oppgradering kommunale bygg	3 000	3 000	3 000	3 000	Priotetsliste til formannskap
200	Tiltak/oppgr bygg anlegg kyrkjesektor overføring Fusa sokn	2 450	2 000	600	450	Sævareid
203	Kommunedelplan Akvakultur	500	0	0	0	
220	Områdeplan Eikelandsosen	1 000	0	0	0	
240	Fleirbrukshall	11 000	0	0	0	Videreføring av midler fra 2018
243	Turveg Skjelbreid-Eikelandsosen	200	0	0	0	Prosjektering
261	Brannstasjon	5 000	10 000	0	0	
999	Eigenkapital innskot KLP-overført fra driftsbudsjett	900	900	900	900	
1701	velferdsteknologi	3 100	0	0	0	
1703	Oppretting av matrikkel, digitalisereing av planer	500	0	0	0	
1707	Utviding Stallabrotet frå Fv 48 til idrettshall	3 000	0	0	0	
1708	Asfaltering av veg og ny p-plass v/gravplass Baldersheim	1 500	0	0	0	
1709	Rassikring og Utviding av Fv 125 Tveitamarka ind. mot Samnøy	6 000	0	0	0	Alternativ 1 velges. Fusa kommune sender

						søknad om forskuttering. Kommuneplan endres mht. antall boliger. Strekninga skal rassikrast.
1710	Gangveg til gravplass Åkre og parkering kyrkja	1 000	1 000			
1711	Forprosjekt tunell Sævareid	200	0	0	0	
1713	Fusa ungdomsskule (tidliger 128b) 29 mill + 34,125 mill	63 125	0	0	0	
1714	Fusa ungdomsskule riving klasseromsfløy + adm					
1801	Forprosjekt barnehagebygg	0	0	0	0	
1802	Tiltak i Eikelandssosen, ref. tidl. 230.	1 000	2 000	0	0	
1803	Inventar og utstyr i skular og barnehagar	600	600	200	200	
1804	Samnøy næringsområde	6 000	8 000			
1806	Områdeplan Strandvik (tidl. 1710)	800	0	0	0	
1807	Ombygging av sørfløyen FBBS	1 000	0	0	0	
1808	Forprosjekt pleie og omsorg	500	0	0	0	
1810	Flaumsikring Vikeelva	3 000	0	0	0	
1811	Flaumsikring Haugeelva	3 200	0	0	0	
1812	Trafikksikring Rød	2 000	4 000	0	0	
1813	Plan for gang og sykkelsti frå krysset FvDallandsv. -Djupvik	200	0	0	0	
1901	Innbu og utstyr, nytt helsesenter og kontorfløy helse og sos.teneste	600	0	0	0	
1902	Opprusting Torsneset bufelleskap-garderobe, gjerde mm.	500	0	0	0	
1903	Opprusting og påbygg Jettegryto barnehage	7 500	15 500	0	0	Kan bli utbygget i 2 etapper. 1 adm. Fløy og opprusting av eksisterende barnehage som vist i innst. Fra adm. 2 etappe: bygges evt. i 2020 etter dokumentert behov.
1904	Moloar og fiskerihavnar	1 550	0	0	0	
1905	Kjøp av samfunnshus	0	0	0	0	
1906	Forprosjekt veg til Revne	1 000	0	0	0	Samarbeidsprosjekt med Skogplantefondet
1907	Rassikring Skåte	500	0	0	0	
1908	Toalettanlegg og nytt tak naust husmannsplass Vinnesholmen	500	0	0	0	Stiftinga Vinnesholmen disponerer midlane.
1909	Sentrumsanlegg/parkanlegg Strandvik	3 000	0	0	0	0
1910	Oppgradering barnehagar iht. rapport barnehager	450	6 150	0	0	Prosjekteringmidler 2019
1911	Bygdesenter Holmefjord, områdeutvikling	500	0	0	0	Jmf Arealplan og teksdel

1912	Fusa ungdomsskule riving klasseromsfløy + adm	0	4 000	0	0	2 mill riving 2 mill uteområde
		157 475	73 650	15 000	12 350	

Rådmannen får fullmakt til å innarbeida vedtaket i budsjettvedtaksmalen.

Handsaming og votering del A:

I handsaming av budsjettsaka vart følgjande trekt ut, handsama og votert over før resten av voteringa i budsjettsaka.

Dette grunna spørsmål om inhabilitet.

Følgjande løyvingar vart handsama som eigen del av budsjettsaka.

Del A – 1:

Løyving til prosjekt 1908 – Toalettanlegg og nytt tak naust husmannsplass Vinnesholmen

Roger Hoel, uavhengig, hadde spørsmål om han var inhabil grunna m.a.:

«Har fått med meg at det ligger inne en post i budsjettet om Vinnesholmen.

Vinnesholmen Kystlag (tidligere Stiftinga Vinnesholmen) og Fusa Kommune (grunneier) har en samarbeidsavtale som sier at kystlaget skal drifte og vedlikeholde plassen slik at allmennheten kan nyte denne flotte husmannsplassen og friluftsområdet.

Jeg er styreformann og ildsjel på Vinnesholmen, og er trolig inhabil i å behandle tildeling av midler.»

Han har sjølv ikkje økonomiske interesser i saka. Grunna ovanemnde kjenner han seg likevel inhabil.

Han gjekk frå og Arne Holmefjord, Frp, tok plass i møtet.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja forslag om at Roger Hoel, uavhengig, var inhabil: Framlegget fremja av Atle Kvåle vart samrøystes vedteke.

Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 2. ledd.

Framlegget frå Sp, H, Krf, Uavhengig, fremja av Svein Lang, Sp, og Margunn Y. Samnøy, Sp, om løyving til tiltaket, og at løyvinga vert innarbeidd i budsjettet, vart vedteke med 11 røyster.

Del A – 2:

Løyving til prosjekt 1909 – Sentrumsanlegg/parkanlegg Strandvik.

Svein Lang, Sp, hadde spørsmål om han var inhabil grunna m.a.:

«I forbindelse med budsjett arbeidet/forslaget til vil det komme opp et forslag til behandling om midler til Strandvik parken. Han er styreleder i Strandvik Torget As som tidligere har håndtert denne saken. Dette styrevervet er også ubetalt.

I forkant av budsjettmøtet har det vært dugnadsarbeid fra undertegnede for å få frem saken til politikerne i SP, Høyre, Krf og Den uavhengige. Han er også styreleder i Strandvik Torget As som tidligere har håndtert denne saken.»

Han har sjølv ikkje økonomiske interesser i saka, men har arbeidd med saka i fleire år og kjenner seg derfor inhabil.

Han gjekk frå og Haldor Tuft, Sp, tok plass i møtet.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja forslag om at Svein Lang, Sp, var inhabil: Framlegget fremja av Atle Kvåle vart samrøystes vedteke.

Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 2. ledd.

Framlegget frå Sp, H, Krf, Uavhengig, fremja av Margunn Y. Samnøy, Sp, om løyvinga til tiltaket, og at løyvinga vert innarbeidd i budsjettet, vart vedteke med 12 røyster.

Del A – 3:

Løyving til prosjekt 1804 . Samnøy næringsområde:

Bjarte Samnøy, Krf, er grunneigar og stilte difor spørsmål om han var inhabil. Han har tidlegare vore inhabil i handsaming av saka. Han opplyste at han hadde økonomiske interesser i utfallet av saka. Han gjekk frå, og Ole-Bjørn Eikeland, Krf, tok plass som vararepresentant.

Margunn Y. Samnøy, Sp, har eigarinteresser, gift med grunneigar og spurte om ho var inhabil. Ho har tidlegare vore inhabil i handsaming av saka. Ho gjekk frå, og Haldor Tuft, Sp, tok plass som vararepresentant.

Aud May Boge, H, spurte om var inhabil på grunn av eigarinteresser i planområdet. Ho har tidlegare vore inhabil i handsaming av saka. Ho gjekk frå, og Ola E. Dale, H, tok plass som vararepresentant.

Han hadde stilt spørsmål om inhabilitet då han er styreleiar i Hordaland Rørteknikk. Han gjekk frå. Mogeleg inhabilitet var meldt i frå om same dag. Det var difor ikkje kalla inn vararepresentant.

Administrasjonen v/spesialrådgjevar Gunn Sissel Teigen orienterte m.a. om:

Dette gjeld løyving til prosjekt 1804 - i samband med oppfølging etter reguleringsplanarbeidet m.m. Reguleringsplanen skal slutthandsamast seinare i kommunestyremøtet. Forvaltningslova sine reglar om inhabilitet i større reguleringssaker vil i ein del tilfelle verta avgjort etter skjønnsprege vurdering.

M.a. følgjande moment skal vurderast:

At ein person er grunneigar innanfor eit større reguleringsområde, er i seg sjølv neppe nok til at vedkomande reknast som part i reguleringssaka. Er ein part i saka vert ein automatisk inhabil etter reglane i forvaltningslova § 6 1.ledd. Grunneigarar som planen kan få ein viss praktisk/økonomisk betydning for, må reknast som part. Dersom vedkomande protesterer mot planen fordi han meiner at planen har slik betydning for ham, må han utan ytterlegare vurdering reknast som part.

Kor grunneigaren må reknast som part, går det fram av forvaltningslova §6, 1.ledd at grunneigaren sjølv, hans næraste familie, rettslige representant m.m er inhabile til å tilretteleggja saka eller delta i avgjerda.

Reglane i §6, 2.ledd vil særleg vera aktuell å nytta overfor personer som står i eit særleg tilhøve til parten utan å koma inn under §6, 1.ledd, og dessutan overfor personar som sjøve har ei direkte og vesentleg interesse i reguleringsplanen.

Vidare bør det føra til inhabilitet etter §6, 2.ledd at vedkomande er eigar av tilgrensande eigedom dersom val av utnytting innan planområdet er av vesentleg betydning for han.

Ola E. Dale har opplyst at bedrifta ikkje har nokon interesser i utfallet av saka. Dei har ikkje kome med merknader. Bedrifta ligg innan reguleringsplanområdet. Det er ein større reguleringsplan.

Ola E. Dale kjem ikkje inn under automatisk inhabilitet etter fvl. § 6 1.ledd.

Ut frå opplysningar frå Ola E. Dale sett i høve til gjeldande reglar i 2. leddet, tilrådde administrasjonen at han vart kjend habil.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja forslag om at representanten Ola E. Dale, H, var habil: Framlegget fremja av Atle Kvåle vart samrøystes vedteke. (20 r) Ole E. Dale tok plass i møtet.

Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 1. og 2. ledd.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja forslag om at dei andre 3 representantane var inhabile:

Bjarte Samnøy vart samrøystes kjend inhabil. Margunn Y. Samnøy vart samrøystes kjend inhabil. Aud May Boge vart samrøystes kjend inhabil. Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 1. ledd .

Kommunestyret vedtok samrøystes tilrådinga frå formannskapet om løyving til tiltaket og at løyvinga vert innarbeidd i budsjettet.

Del B - Votering i resten av budsjettsaka:

Framlegget fremja av Svein Lang, Sp, Margunn Y. Samnøy, Sp, og Lars-Erik Dalland, H, vart vedteke med 11 røyster. (3 H, 2 Krf, 5 Sp, 1 uavhengig)

Framlegget fremja av varaordførar Magne Djuvik, Frp, fekk 10 røyster. (6 Ap, 2 Frp, 1 Sp Richard Markhus, 1 V)

KOM- 052/2018 Vedtak:

Etter dette har Fusa kommunestyre 13.12.2018 gjort følgjande vedtak:

I. PREMISSAR FOR DRIFTSBUDSJETT/INVESTERINGSBUDSJETT/ AVGIFTSBUDSJETT 2019 OG HANDLINGSPROGRAM MED ØKONOMIPLAN 2019 – 2022.

Kommunestyret vedtek ansvarsområda sine nettorammer.

Rådmannen har i løpet av året fullmakt til å omdisponera midlar innan ansvarsområda og til å foreta justeringar mellom ansvarsområda når dette er knytt til budsjett-tekniske endringar, organisatoriske endringar eller beløpa er knytt til mindre vesentlege endringar som ikkje er av prinsipiell karakter.

Rådmannen har fullmakter til å foreta budsjettendringar knytt til tilleggsløyving lønn (sentrale/lokale forhandlingar) og pensjonskostnadene innan heile driftsbudsjettet.

II. SKATTLEGGINGA

a) I samsvar med Stortingsprop. Nr 1 (2018/2019) vert den kommunale skattøren sett til høgaste sats på eige og inntekt.

b)

1. Med heimel i eigedomsskatteloven §§ 2 og 3 bokstav a) skal det for 2019 skrivast ut eigedomsskatt i heile Fusa kommune.

Det vert skrive ut skatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av produksjonsutstyr og - installasjoner ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringseigedom frå 2019. Det særskilte skattegrunnlaget er differansen mellom ny takst for objekta frå 2019 og skattegrunnlaget i 2018. Grunnlaget skal i 2019 vera redusert med ein sjuandedel (jf. overgangsregel §§ 3 og 4 første punktum). Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vera 7 promille.

2. Den generelle skattesatsen vert fastsett til 7 o/oo. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget er 7 o/oo.

3. Med heimel i eigedomsskattelova § 12 bokstav a) vert skattesatsen for bustad- og fritidseigedommar sett til 2 o/oo.

4. Eiendomsskatten skal betalast i to terminer, jf. eigdomsskattelova § 25.

5. Alminnelig taksering vert utsett. Gjeldande takster vert nytta for skatteår 2019, eigedomsskattelova § 8 A-3 (2).

6. Fritak som skal gjevast i 2019 medhald av eigedomsskattelova § 7:

b. § 7 a) - Samfunnshus, ungdomshus, grendahus, idrettsanlegg, Hålandsdalen Leirskole, Vinnes barnehage, Vinnes Friskule,

c. § 7 b) - Bygningar som har historisk verdi og som kommunestyret tidlegare har gitt fritak frå eigedomsskatt.

d. Høvet til å søkja om fritak heimla i § 7 a) og b) vert kunngjortav administrasjonen. Eigedommar som

tidlegare har fått innvilga fritak treng ikkje senda inn ny søknad for 2019. Dersom det vert gitt fritak skal eigar informera Fusa kommune dersom drifta opphøyrer eller vert endra frå opprinneleg formål.

7. Strandvik og Hålandsdalen Montesorriskular skal få fritak for eigedomsskatt for 2019 under føresetnad av at vilkåra for å gje fritak i medhald av eigedomsskattelova § 7 a er oppfylt.

8. Frå 01.01.2020 fell Eigedomsskatt bort

III. RENTER AV FONDSMIDLAR

Renter av følgjande fondsmidlar vert teke til inntekt over driftsbudsjettet: konto 2.1020.202 - Ymse fondsverde.

IV. BUDSJETT FOR FUSA KOMMUNE 2019

a. NETTO DRIFTSRAMMER FOR DEI YMSE ANSVARSOMRÅDA - 2019

Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen: Driftsrammer for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen. Løyvinga var i 2018 kr 764.000,- netto. 2018 – ramma vert vidareført med prisjustering. Netto-ramme for 2019, med fråtrekk av mva-refusjon på kr 183.000, er kr 794.000,-. Løyving til området for 2019 - inkl. mva - er kr 977.000,-

Det er teke utgangspunkt i 3,6% avdrag av netto lånegjeld og gjennomsnittleg rente på 2,04%

I høve til notatet frå rådmann er det gjort følgjande endring:

BUDSJETT 2019 og ØKONOMIPLAN 2019-2022

Eigedomsskatt fell bort 01.01.2020 og blir satt til kr 0 i 2020,2021 og 2022.
Renteutgifter blir justert ned i henhold til reduserte investeringar, jmf. investeringsprogram.
Avdrag på lån justert ned i henhold til redusert låneopptak.
Rådmann får fullmakt til å kvalitetssikre renter, avdrag og mva-kompensasjon som konsekvens av endringar i investeringsbudsjettet.
Rådmann får fullmakt til å justera uttak av fond dersom behov, slik at meir-/mindreforbruk for 2019 i kommunestyret sitt budsjettvedtak går i null.

Endring i driftsrammene i 2019:

Område 1 Samfunnsutvikling, økonomi og service

Ansvar: Kultur – Det vert oppretta eit Festivalfond som årleg vert tilført kr 150 000, til å støtte ulike arrangement i Fusa kommune. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

Område 3 Undervisning

Ansvar: Fusa Ungdomsskule – Gratis skulefrukost vert innført. Eininga vert tilført kr 334 000 kvar år i perioden 2019-2022 til gjennomføring av Prosjektet. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

Område 5 Pleie og omsorg

Ansvar: Fusa bu og behandlingssenter – Transport av middagar. Eininga vert tilført kr 125 000 i 2019 til å auke opp ein 20 % stilling til utkjøring av middagar. Finansiering: Midlar frå Havbruksfondet.

VIII. Tilskot til Fusa Sokneråd

Driftstilskotet vert auka med kr 230 000, der 180 000 er ordinær lønnsvekst og dermed ei årleg løyving. Kr 50 000 er eit eingongsbeløp øyremerka prosjektet "Brannskadde i Etiopia" til behandlingsrom.

Justerte driftsrammer etter kommunestyret sitt vedtak 13.12.2018:

Netto driftsrammer							
(alle tal i heile 1000 kr)							
Ansv.	Eining	R-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
1	Samf.utvikl., øk. og service*	38 560	37 866	40 450	40 682	40 682	40 682
2	Barnehage	28 316	28 471	27 682	27 682	27 682	27 682
3	Undervisning	56 420	57 012	57 290	57 290	57 290	57 290
4	Helse, fam. og velferd	22 108	21 629	23 964	25 038	25 954	27 229
5	Pleie og omsorg	87 182	89 430	94 709	94 709	94 709	94 709
7	Teknisk drift	7 911	6 000	7 744	7 744	7 744	7 744
8	Bjørnefj. landbrukskontor	1 621	1 529	1 557	1 557	1 557	1 557
SUM NETTO DRIFTSRAMMER		242 118	241 937	253 396	254 702	255 618	256 893

*Driftstilskot frå ansv.	2019	2020	2021	2022
1				
Fusa sokneråd m.m.	4 072	4 022	4 022	4 022
Fusa frivilligsentral	704	704	704	704

(Alle tal i heile 1 000 kroner. Tala er «2019-kroner».)

Budsjettskjema 1 A	R-2017	B-2018	B-2019	B-2020	B-2021	B-2022
